

# INN PÅ TUNET

HANDLINGSPLAN FOR VESTLAND 2023-2025



FOTO: ELIN TUNTAND, LANGE GÅRDEN



Statsforvaltaren  
i Vestland

## Innhold

Innleiing .....	1
Organisering og evaluering.....	2
Strategiske mål .....	3
Inn på tunet i Vestland .....	4
Plan for perioden.....	4
Synleggjering og samarbeid	
Psykkisk helse, integrering og arbeidstrening	
Born og unge	
Demensomsorg.	
Nasjonale rammeverk .....	15
Nettverk.....	15
Aktuelle dokument.....	16

## Innleiing

Det er nasjonal semje om å få Inn på tunet sterkare inn som eit aktuelt velferdstilbod på oppvekst- og helse- og sosialområda. Inn på tunet-aktiviteten bidreg til berekraftig samfunnsutvikling, ved å løyse sosiale utfordringar med tilpassa løysingar. Nasjonal og internasjonal forskning syner at Inn på tunet-aktivitet, med kontakt med dyr og planter, fysisk aktivitet, meningsfulle oppgåver og det å vera på ein trygg og oversiktleig sosial arena har positiv helseeffekt og bidreg til eit mangfaldig velferdstilbod. Inn På Tunet-bøndene har eit samfunnsengasjement med seg, og verksemdene høver inn under definisjonen sosialt entreprenørskap.

Inn på tunet er tilrettelagde og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje meistring, utvikling og trivsel. Eit gardsbruk har produksjon innan jordbruk, skogbruk eller hagebruk, og aktivitetane i tenestetilbodet er knytt opp til garden, livet og arbeidet der. Inn på tunet-bøndene gjev tilbod til mange ulike brukargrupper, og ingen tilbod er like.

Handlingsplan for Inn på tunet i Vestland følgjer opp nasjonale mål og strategiar, og er utarbeidd på tvers av avdelingar. Planen er fleksibel, og Statsforvaltaren i Vestland vil gjennomgåande vurdere og følgja opp aktuelle saker frå nasjonalt hald, og frå kjøpar-, tenestemottakar- og tilbydarside. Samspel på tvers av sektorar, mellom kjøpar og tilbydar og mellom kommune og stat, og ei god koordinering av dette, har svært mykje å seie for å lukkast i Inn på tunet-arbeidet.

På landsbasis er Inn på tunet-tenestene retta mot eit breitt spekter av sektorar: barne- og familievern, barnehage, grunnskule, avlasting, vidaregåande opplæring, vaksenopplæring, arbeidstrening, integrering, aktivitetar innan friluftsliv og fysisk aktivitet, tilrettelagte dagtilbod innan psykisk helse, rus, psykiatri, kriminalomsorg og tilbod til eldre og personar med demens. I framtida vert det forventa at det vert utvikla fleire tenestetypar og tilbod tilpassa dei ulike brukar- og kjøpargruppene sine behov. I utvikling av samskapingskommunen (kommune 3.0) og dei samfunnsutfordringane vi ser, knytt til demografi og auka behov for arbeidskraft, syner at tilbod som Inn på tunet bør koma sterkare på dagsorden.

## Organisering og evaluering

Handlingsplanen for Inn på tunet i Vestland er ein plan for det arbeidet embetet kan utretta, i tråd med embetsoppdrag og ut frå nasjonale, tverrfaglege satsingsområde. Planen er utarbeidd i eit samarbeid mellom landbruksavdelinga, utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland. Arbeidsgruppa skal gjennomføre eit møte i halvåret gjennom planperioden, for å evaluere måloppnåing og justere planen etter behov.

Planen vart lagt fram for leiargruppa til godkjenning, og arbeidet og resultatata skal meldast tilbake til leiargruppa.



FOTO: PETER TUBAAS, VESTLAND MEDIA

## Strategiske mål

Handlingsplanen for Inn på tunet i Vestland er ein del av Statsforvaltaren i Vestland sitt tverrfaglege embetsoppdrag. Statsforvaltaren sitt mandat frå oppdraget i 2023 er å **synleggjere Inn på tunet som aktuelt tiltak innan arbeidet på helse-, omsorgs-, utdannings-, arbeids og sosialområdet.**

Planen skal leggje til rette for samarbeid og aktivitet på tvers av sektorar, gjennom å:

- arbeide for at alle sektorar i det offentlege tenestetilbodet kjenner til Inn på tunet som konsept og korleis ein kan utvikle og kvalitetssikre gode tilbod for dei aktuelle brukargruppene
- styrke kompetansen om bruk av Inn på tunet-tenester i kommunane
- synleggjere forskingsbasert dokumentasjon av Inn på tunet-tenester
- styrke Inn på tunet-tilbydarane sin kommunikasjons- og bedriftskompetanse

Statsforvaltaren skal arbeide mot FN sine berekraftsmål og syte for berekraftig utvikling. Arbeidet med Inn på tunet kan koplast opp mot fleire av desse måla.

- *God helse og livskvalitet* - Inn på tunet bidreg til at fleire får ein meningsfull kvardag, får auka fysisk og mental aktivitet og sosial stimuli
- *God utdanning* - Inn på tunet bidreg til at fleire opplever ein meningsfull skulekvardag og at fleire gjennomfører ordinær skulegang.
- *Samarbeid for å nå måla* - Inn på tunet bidreg til å løyse offentlege oppgåver med lokale ressursar og auka samarbeid mellom offentlege og private verksemder. Samarbeid på tvers er ein føresetnad for å lukkast i arbeidet.





ILLUSTRASJONSFOTO

## Inn på tunet i Vestland

Per 1. november 2023 er det 39 godkjente Inn på tunet-gardar i Vestland fylke. Desse tilbyr tenester til eit stort spekter av tenestemottakarar, og kvar Inn på tunet-gard er unik i sitt tilbod. I gamle Sogn og Fjordane er det 11 gardar. I gamle Hordaland er det 28 gardar, dei fleste lokalisert i Bergen og området rundt. Det er ikkje Inn på tunet-tilbod i alle kommunar.

## Plan for perioden

Denne handlingsplanen gjeld for åra 2023 – 2025. Innhaldet i planen er i samsvar med Statsforvaltaren sitt oppdrag å synleggjere Inn på tunet. Det vil difor vere merksemd på tiltak som fremjar synleggjering av Inn på tunet-ordninga generelt og i ulike fagområde og fora. Hovudområda er psykisk helse, integrering og arbeidstrening, born og unge og demensomsorg.

### [Synleggjering og samarbeid](#)

Statsforvaltaren har mange fora, der Inn på tunet kan løftast fram og der vi kan nå målsetninga om auka synleggjering.

Kva	Korleis/aktuelle tiltak	Hovudansvar	Tidsramme	Kommentar
Arbeide nasjonalt mot departement/direktorat og mot andre statsforvaltarembete. Delta i nasjonale prosjekt og fora	<ul style="list-style-type: none"><li>- Delta på nasjonale møte og samlingar for Inn på tunet</li><li>- Sitje i nasjonal infogruppe for Inn på tunet, i regi av Stiftelsen Norsk Mat</li><li>- Spele inn aktuelle saker til nettverk på leiarnivå hos SFVL</li></ul>	Landbruksavdelinga	Gjennomgåande	
Samarbeid med Fylkeskommunen <ul style="list-style-type: none"><li>- Integrering og folkehelse</li><li>- Vidaregåande opplæring</li><li>- Arbeide for å synleggjere Inn på tunet i Folkehelsenettverket</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Delta, og orientera om, aktuelle Inn på tunet-saker i NAV-forum (to goner årleg)</li><li>- Delta i planleggings- og vurderingsarbeid av Temaplan Landbruk</li><li>- Fast møtepunkt med representantar for folkehelsearbeidet</li><li>- Inn på tunet-saker inn i regionalt infobrev for folkehelse</li><li>- Informere avdelinga for opplæring og kompetanse om aktuelle Inn på tunet-saker, særleg knytt til vidaregåande skule</li></ul>	Landbruksavdelinga Utdanning Helse og Sosial	Gjennomgåande	

Samarbeide med Innovasjon Norge for å få innsikt i etablering av nye tilbud og kunne setje i gang kompetanseutviklingstiltak.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere faste møtepunkt med aktuelle sakshandsamarar i Innovasjon Norge, Vestland</li> </ul>	Landbruksavdelinga		
Informere og rettleie kommunar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Informere i kommune og samfunn sine kommunemøte</li> <li>- Inn på tunet som ein beskrivande faktor i kommunebilde, og som tema i påfølgjande kommunedialog</li> <li>- Inn på tunet som tema på Landbrukskonferansen</li> <li>- Tilby gjennomføring av møte, med innlegg og diskusjon, i kommunane i Vestland</li> </ul>	Landbruksavdelinga	Gjennomgåande	<p>Leiargruppa blir formidlarar i kommunemøta</p> <p>Landbrukskonferansen hadde Inn på tunet med i parallellsesjon i september 2023</p> <p>Har hatt møte i Kvinnherad</p> <p>Fleire andre er på trappene</p>
Auke kunnskapen internt i alle avdelingar hjå Statsforvaltaren	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Inn på tunet som tema på embetssamlingar og avdelingsvise samlingar</li> <li>- Informasjon om ny handlingsplan på avdelingsmøte</li> </ul>	Landbruksavdelinga	<p>Gjennomgåande</p> <p>Tverrfagleg arbeid som tema på embetssamling i desember 2023</p> <p>Informasjon om ny handlingsplan på avdelingsmøte første halvår 2024</p>	

<p>Samarbeide med samvirkebedrifta Inn på tunet Norge SA, avdeling Vestland sitt arbeid og dei regionale prosjekta deira</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta i styringsgruppa for forprosjekt for kartlegging av Inn på tunet-aktivitet i kommunane</li> <li>- Ha tett kontakt med regional prosjektleiing, for koordinering av det eksterne arbeidet</li> </ul>	<p>Landbruksavdelinga</p>	<p>Gjennomgåande</p>	<p>Ragna sit i styringsgruppa for prosjektet</p>
<p>Samarbeide med nettverket Fagforum Inn på tunet Vestland</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilby rettleiing, særleg i tema omkring lover og regelverk og forretningsmodellering</li> <li>- Vere medarrangør av kurs og kompetansetilbod</li> </ul>	<p>Landbruksavdelinga</p>	<p>Gjennomgåande</p>	<p>Fagforum Inn på tunet Vestland vart oppretta juni 2023</p>
<p>Samarbeide med forskingsinnsatsar. Eks. NHH, UiB, HVL</p> <p>Arbeide for forskingsprosjekt med større merksemd på økonomi</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Årleg møte med forskings- og utdanningsmiljøet i Vestland</li> <li>- Spele inn Inn på tunet som tema til masteroppgåver/ bacheloroppgåver</li> <li>- Vidareformidle allereie skrivne oppgåver og rapportar</li> <li>- Nytte forskarar i foredrag/innlegg</li> </ul>	<p>Helse og sosialavdelinga Landbruksavdelinga</p>	<p>Gjennomgåande</p>	
<p>Publisere relevant fagstoff og nyhende.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruke statsforvaltaren si nettside aktivt, og publisere/dele relevant stoff på tvers av avdelingar</li> <li>- Sende ut infobrevet «Nytt frå Inn på tunet» fire gonger i året</li> <li>- Dele nyheitsartiklar via SFVL si Facebook-side, Fagforum si Facebook-side og Stiftelsen Norsk Mat si nasjonale nettside og Facebookside</li> </ul>	<p>Landbruksavdelinga</p>	<p>Gjennomgåande</p>	<p>Ragna sit i redaksjonsgruppa til Stiftelsen Norsk Mat si Inn på tunet-nettside</p>



<p>Arbeide for å få Inn på tunet-kontaktperson i kommunane, og stimulere til samarbeid med folkehelsekontaktar og koordinerande eining i kommunane</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vise til gode eksempel i kommunane</li> <li>- Byggje opp eit nettverk av kontaktpersonar i kommunane, som kan fungera som Inn på tunet-kontakt</li> <li>- Oppfordre til tverrfaglege møte mellom einingane i kommunane</li> </ul>	<p>Landbruksavdelinga</p>		<p>Alle kommunar skal ha koordinerande eining</p>
--	--	---------------------------	--	---



*Psykisk helse, integrering og arbeidstrening*

Aktuelle samarbeidspartar: NAV regionalt (Grønt arbeid), NAV i kommunane, kommuneleiing, einingsleiarar, ansvarlege for vaksenopplæring og introduksjonsprogram i kommunane

**Effekt mål:** Fleire kjem ut i aktivitet og arbeid, og bidreg til verdiskaping. Auka livskvalitet, opplevd meistring og positivt sjølvbilde.

**Resultat mål:** Kommunar, NAV og andre tiltaksbedrifter skal ha tilgang til nok relevant informasjon og rettleiing til å kunne nytte seg av Inn på tunet-tilbod til sine tenestemottakarar.

<b>Kva</b>	<b>Korleis</b>	<b>Hovudansvar</b>	<b>Tidsramme</b>	<b>Kommentar</b>
Tettare samarbeid med NAV	<ul style="list-style-type: none"><li>- Løfte Inn på tunet i samarbeids møte for NAV-Vestland og Statsforvaltaren (vert helde minst 3.gongar i året).</li><li>- Informere om aktuelle tema i NAV-Vestland sitt flyktningnettverk</li><li>- Bruke Inn på tunet som eit tiltak i Kvalifiseringsprogrammet (KVP)</li></ul>	Helse og sosialavdelinga	Inn på tunet på dagsorden i møte med Nav Vestland september 23. Informere om Inn på Tunet på «fagsnutt» 2024 Informere om Inn på tunet i nettverk for kvalifiseringsprogram 2024	Flimen om nytteverdi av arbeidstrening er vidaresendt til Nav Vestland. Dei tar filmen med til flyktningnettverket.
Arbeide inn mot Introduksjonsprogrammet	<ul style="list-style-type: none"><li>- Etablere møtestader med fylkeskommunen kring det regionale integreringsarbeidet.</li><li>- Synleggjere med eksempel frå kommunar, filmar med meir</li></ul>	Utdanningsavdelinga		Fylkeskommunen er ansvarleg regionalt integreringsarbeid og kommunen for Introduksjonsprogrammet. Det er ulikt organisert i dei ulike kommunane. NAV har ansvar i ein del kommunar.

Arbeide inn mot kommuneoverlegane	- Informere om Inn på tunet på samlingar for Kommuneoverlegane	Helse og sosial Landbruk	I løpet av 2024	
Fysioterapeuter/ergoterapeuter	- Kartleggje aktuelle nettverk	Helse og sosial	I løpet av 2024	
Arbeide inn mot tenestemottakarar med nedsett funksjonsevne	- Informere om Inn på tunet på fagsamling for overordna ansvarlege for helse og omsorgstenestelova Kap 9	Helse og sosial Landbruk	I løpet av 2024	
Koordinerande eining	- Kartleggje aktuelle nettverk	Helse og sosial	I løpet av 2024	



ILLUSTRASJONSFOTO

## Barn og unge

**Aktuelle samarbeidspartar:** Barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, barnevern, helse- og omsorgstenester, PPT, NAV, kommuneleiing, einingsleiarar.

**Effekt mål:** Born og unge får tilpassa og breiare tilbod som fremjar meistring, utvikling og trivsel, og som bidreg til å motverke helseutfordringar og fråfall frå skulegang.

**Resultat mål:** Kjøpar skal ha relevant informasjon som gjev god kompetanse og tryggleik i bruk av tenesta, og skal kunna vurdere Inn på tunet som eit aktuelt tilbod. Inn på tunet-bønder som ynskjer å gje tilbod til born og unge i barnehage, grunnopplæring og vidaregåande opplæring skal kunna tilby kvalitetsmessig gode pedagogiske tilbod, i nært samarbeid med den hovudansvarlege parten i kommune, fylkeskommune og organisasjon.

Kva	Korleis	Hovudansvar	Tidsramme	Kommentar
Arbeide inn mot KS og ungt utanforskap	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kartlegge mogleg samarbeid</li></ul>	Landbruksavdelinga	I løpet av 2024	
Arbeide internt i Born og unge gruppa hjå Statsforvaltaren	<ul style="list-style-type: none"><li>- Ha ansvarleg for Inn på tunet-arbeidet på landbruksavdelinga med i embetet si Barn og unge gruppe</li><li>- Få Inn på tunet-kompetanse med i relevante arbeidsgrupper</li><li>- Synleggjera Inn på tunet i digitale samlingar</li></ul>	Landbruksavdelinga	Gjennomgåande  Inn på tunet som tema for tverrfaglege digitale samlingar i 2024	Barn og unge gruppa er organisert i tre ulike undergrupper: -Tverrfaglege digitale samlingar -Tilskotsforvaltning og planar -Intern arbeidsgruppe
Arbeide inn mot barnevernsleiar og læringsnettverket i barnevernet	<ul style="list-style-type: none"><li>- Informere om Inn på tunet på samlinga med barnevernsleiarar og læringsnettverket</li></ul>	Helse og sosialavdelinga	I 2024	

Arbeide inn mot Høgskulen på Vestlanset, med informasjon om Inn på tunet	- Tilby informasjonsmøte til lærerutdanninga.	Landbruksavdelinga	I 2024	
Informasjon til alle i fylket som arbeider med born og unge	- Tverrfaglege digitale samlingar	Helse- og sosialavdelinga	I 2024	Arbeidsgruppe barn og unge- digitale samlingar i 2024 og 2025



FOTO: OLAV BRAKESTAD, OLAVSGARD

## Demensomsorg

**Aktuelle samarbeidspartar:** Pleie og omsorgsavdelingar i kommunane, kommuneleing, Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT)

**Effekt mål:** Arbeidet skal bidra til at personar med demens kan bu heime lenger, ha ein aktiv og meningsfull kvardag og få auka livskvalitet for dei sjølve og familiane sine. Inn på tunet-tilbodet fører til positiv avlasting for pårørande, fysisk aktivitet, meistringskjensle og ein trygg sosial arena.

**Resultat mål:** Alle kommunane i Vestland skal ha tilgang til relevant informasjon og vegleiing, som aukar kompetansen innanfor Inn på tunet-området, og skal kunna tilby Inn på tunet som eit aktuelt tilbod for personar med demens. Tilbydarsida skal ha god kompetanse på området og tilby gode og tilpassa tenester, av høg kvalitet.

Kva	Korleis	Hovudansvar	Tidsramme	Kommentar
Bruke Demensplan 2025 aktivt	- Bruke innhaldet i demensplanen aktivt i møte, kurs og foredrag, der vi møtet kommunar og helseforetak.	Landbruksavdelinga Helse og sosialavdelinga	Gjennomgåande	Her er tilpassing og medveknad sentrale tema.
Arbeide inn mot USHT USHT Hordaland, USHT Sogn og Fjordane og USHT Fonna	- Undervisning på demensomsorgens ABC	Landbruksavdelinga	Gjennomgåande	Ragna har undervisning for USHT i Helse Bergen og i Helse Fonna. Dette blir også gitt tilbod om i dei komande åra.
Delta i regionalt støtteapparat for Leve heile Livet	- Informere om ny handbok for Inn på tunet som dagaktivitetstilbod for personar med demens på møte med kommunane	Landbruksavdelinga	Informerte om handboka i september 2023	Ragna sit i arbeidsgruppa og støttegruppa for Leve heile livet. Her samarbeider statsforvaltaren med fylkeskommune, USHT, KS og fylkeseldrerådet.

Samarbeide med Senter for et aldersvennlig Norge	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Avklare mogleg samarbeid og samarbeidsformer</li> </ul>			
Arbeide inn mot reforma <i>Felleskap og meistring, Bu trygt heime</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Avklare Inn på tunet sin plass i den nye reforma (ikkje vedtatt enno)</li> <li>- Inn på tunet er nemnd i stortingsmeldingar. Det er signalisert at statsforvaltarane vil få ei aktiv rolle i reformarbeidet</li> <li>- Vidareutvikla Inn på tunet som tilbod for heimebuande personar med demens.</li> </ul>		Avklaring seinast desember 2023 Møte med kommunar og det regionale støtteapparatet midt i desember.	



FOTO: MARIANNE HAUGLAND, , HAUGLANDSTRÆ GÅRD

## Nasjonale rammeverk

[Nasjonal strategi](#) for Inn på tunet, vedtatt i 2012, la grunnlaget for den siste [Nasjonale handlingsplanen](#) for Inn på tunet (2013-17). Handlingsplan for Vestland viderefører i stor grad dei prioriterte områda: demensomsorg, barn og unge og psykisk helse og arbeidstrening.


I perioden 2019-2022 vart Inn på tunet-løftet 2 gjennomført, med pilotprosjekt i fire fylke. Vestland fylke var med i pilotprosjektet, innafør området rus, psykiatri og arbeidstrening. Her vart det utarbeida rettleiarar og arbeidshefte, og det vart produsert fleire filmar, som syner nytteverdien av Inn på tunet.

Landbruksdirektoratet har som oppgåve å utarbeida ny nasjonal handlingsplan i 2024.

## Nettverk

**Fagforum Inn på tunet Vestland** vart skipa i juni 2023 og er ei vidareføring av Fagforum Inn på tunet Hordaland og Tilbydarnettverket i Sogn og Fjordane. Dette er eit Inn på tunet-nettverk for gardar som er godkjente i ordninga og dei som ynskjer å verte det. Dei er no i oppstartsfasen, og statsforvaltaren er støttespelar i arbeidet.

**Samvirkebedrifta Inn på tunet Norge SA** har ei avdeling i Vestland, og har per september 2023 tolv medlemsgardar i fylket. Samvirkebedrifta er ei nasjonal bedrift, som hovudsakleg arbeider med marknadsføring av Inn på tunet og hjelp til medlemsgardane. Dei er no i gang med eit forprosjektet, som har som mål å auke verdiskapinga i Inn på tunet-næringa. Prosjektet skal kartleggje potansiale i Inn på tunet-næringa, og kome fram til aktuelle tiltak å arbeide vidare med. SFVL medverkar i styringsgruppa for prosjektet.





Referansar og aktuelle dokument for vidare arbeid

[FN-Barnekonvensjonen](#)

[FN - CDPR- konvensjon om rettigheter til personar med nedsatt funksjonsevne](#)

[Lov om integrering](#)

[Opplæringslova](#)

[Folkehelseoversikt for Vestland](#)

[Bruk av alternative opplæringsarenaer i grunnsloken – individuell vurdering](#)

[Barnehagelova](#)

[Lov om sosiale tenester](#)

[Lov om barnevern](#)

[Helse og omsorgstenestelova](#)

[Pasient og brukarrettighetslova](#)

[Nasjonal veileder- Innkjøp av Inn på tunet tjenester- 2023.](#)

[Styringsdokumenter \(statsforvalteren.no\)](#)

[Temaplan landbruk for Vestland fylke 2023–2027](#)

Psykisk helse, rus, integrering og arbeidstrening

[Nasjonal håndbok- Psykisk helse og rus- 2022](#)

Barn og unge

[Nasjonal veileder- Gården som arena for barn i skolen- 2023.](#)

Oppvekstreformen: [Barnevernsreformen - KS](#)

Ungt utenforskap – KS

Demensomsorg

[Nasjonal håndbok- Dagaktivitetstilbud for personer med demens- 2023](#)

Fellesskap og meistring— Bu trygt heime [Meld. St. 24 \(2022–2023\)](#)